



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Samtykke-erklæring

Namn .....Fødselsdato: .....

## Formålet med samtykket

For at fylkeskommunen skal kunne gi deg ei god og heilskapleg oppfølging, hjelpe deg med å søke tenester og samarbeide med andre, kan det være nødvendig både å innhente og utveksle opplysningar som gjeld deg. Det kan for eksempel være hensiktsmessig og nødvendig å utveksle opplysning med fylkeskommunen, skolen, helse- og omsorg, arbeidspraksisstad eller andre i forbindelse med oppfølginga di.

For å kunne hente inn opplysning frå andre, treng vi eit samtykke/løyve frå deg. Samtykket vil frita dei som har teiepliktlagde opplysningar om deg ifrå teieplikt. Fylkeskommunen skal *kun* innhente eller utveksle opplysningar som er nødvendig og relevant i forhold til oppfølginga di.

Du blir informert om kva opplysningar fylkeskommunen innhentar. Du må fylle ut begge skjema. Det eine skjemaet gir fylkeskommunen rett til å få opplysningar om deg frå andre. Det andre skjemaet gir fylkeskommunen rett til å gi opplysningar om deg til andre.

## Aldersgrense for samtykke

Ungdom som er fylt 15 år kan sjølv gi samtykke til at rådgivar kan innhente eller utveksle opplysningar. For å få til ei best mogleg oppfølging, bør også foreldre/føresett være involvert. Rådgivar må i samarbeid med ungdommen vurdere om og eventuelt når foreldre/føresett skal involverast. Rådgivar kan ikkje involvere foreldre/føresett utan at ungdommen samtykker til det. Det er alltid det organet som skal gi opplysningar som avgjer kva som kan bli gjeve utan hinder av teieplikt. Rådgivar kan difor oppleve at andre organ ikkje godtar eit samtykke frå ein 15 åring. I slike tilfeller skal rådgivar i samarbeid med ungdommen vurdere om foreldre/føresett skal involverast slik at nødvendige opplysningar skal kunne innhentas gjennom foreldre/føresett sitt samtykke.

## Teieplikt og forsvarleg behandling i fylkeskommunen

Personopplysning om deg vil bli behandla konfidensielt. Fylkeskommunen har lovbestemt teieplikt. Om fylkeskommunen skal utveksle teielagde opplysningar om deg, må det være lovheimel eller eit samtykke frå deg og eventuelt foreldre/føresett som gir løyve til det.

## Rettar

Du har rett til innsyn i opplysning som er lagra om deg, og du kan forlange retting av feilaktige eller ufullstendige opplysningar. Du kan forlange at opplysningar om deg som ikkje er nødvendige blir fjerna. Du kan trekke tilbake samtykket når som helst utan å oppgi grunn til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen tek vare på samtykke-erklæringa.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Namn .....Fødselsdato: .....

Eg gir samtykke til følgande for skoleåret.....

## Innhente nødvendig og relevant informasjon

Eg samtykker til at fylkeskommunen kan innhente nødvendig og relevant informasjon frå:	Ja	Nei
Fylkeskommunen		
Skole		
Oppfølgingstenesta		
Helse- og omsorgstenesta		
Spesialisthelsetenesta		
Barnevern		
Arbeidspraksis/arbeidsgjevar		
Andre (spesifiser):		

Dato:..... Underskrift:.....

Foreldre/føresett underskrift:..... /.....

## Gi nødvendig og relevant informasjon

Eg samtykker til at fylkeskommunen kan gi nødvendig og relevant informasjon til:	Ja	Nei
Fylkeskommunen		
Skole		
Oppfølgingstenesta		
Helse- og omsorgstenesta		
Spesialisthelsetenesta		
Barnevern		
Arbeidspraksis/arbeidsgjevar		
Andre (spesifiser):		

Dato:..... Underskrift:.....

Foreldre/føresett underskrift:..... /.....